

Fiskeri- og kystdepartementet
Postboks 8118 Dep
0032 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)
201101819-5/313/ENDKOR


Dykkar ref.:

Bergen, 29. juni 2011

HØYRING - RAPPORT FRÅ EIT EKSPERTUTVAL OM EFFEKTIV OG BEREKRAFTIG AREALBRUK I HAVBRUKSNÆRINGA

Vi viser til Dykkar brev av 10.02.2011, høyring – rapport frå eit ekspertutval om effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa. Saka vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland 23.06.2011. I Fylkesutvalet vart det gjort følgjande vedtak:

1. Fylkesutvalet stør i hovudsak forslaga i rapporten om vidareutvikling av ei berekraftig havbruksnæring for heile fylket. Rapporten tek opp dei viktigaste utfordringane og foreslår fleire relevante tiltak.
2. Fylkesutvalet ser at næringa i Hordaland dei siste åra har initiert eller vorte råka av ei rad omstillingar. Det er difor viktig at nye tiltak vert integrerte med eksisterande, og at det vert gjeve tid til omstilling. Fylkesutvalet peikar på at forslag om endra produksjonsvilkår og avgrensing av berekraftig vekst kan slå særleg uheldig ut for mindre og lokale aktørar. Fylkesutvalet vil difor tilrå at endringsforslaga vert sett i samanheng, og at det vert utvikla ein heilskapleg plan for havbruksnæringa som ikkje endrar rammetilhøva før effektane er tydeleg klarlagt.
3. Hordaland fylkeskommune, som forvaltar av laksetildelingsforskrifta, må vere delaktig i prosessane for oppretting av produksjonsområda og utsetzoner som skal føre fram til høyring av framlegg til nye forskrifter.
4. Fylkesutvalet ber om at det vert vurdert om allereie etablerte brakkleggingssoner i Mattilsynet sine soneforskrifter kan reviderast og vidareutviklast til å ivareta fleire av dei formåla som produksjonsområda er tiltenkt i høve til tap i produksjonen, lusenedkjemping, rømt fisk og smitteførebyggjande arbeid.
5. Fylkesutvalet ser at unødig komplekst regelverk kan vere til hinder for rask og smidig forvaltning. Fylkesutvalet vil oppmode departementet om å gjere akvakulturregelverket meir tydeleg og strømlinjeforma.
6. Fylkesutvalet stør framlegget om å greie ut berekraftindikatorar og handlingsreglar for tap i produksjonen, lakselus og rømt fisk. I dette arbeidet er det sentralt at ein er open for alle årsaker til tap, og at næringa vert trekt inn som kunnskapskjelde.
7. Fylkesutvalet meiner at ein vidare berekraftig vekst i havbruksnæringa er avhengig av at kommunane og fylkeskommunane snarast får betre incitament for å leggje til rette for havbruk i arealplanar. Fylkesutvalet ber Regjeringa om å gjere regelverksendringar snarast råd er.
8. Fylkesutvalet stør forslaga om utvikling av betre data- og avgjerdsgrunnlag for forvaltning og drift for næringa.


Gudrun Mathisen
for seksjonssjef


Endre Korsøen
spesialrådgjevar

Kopi av saksframstillinga og utskrift av den politiske handsaminga ligg ved.



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201101819
Arkivnr. 313
Sakshandsamar Korsøen, Endre

Vedlegg	1	SV	1
Sak		

Saksgang	Møtedato	Saknr.
Fylkesutvalet	23.06.11	122/11

**HØYRING - RAPPORT FRÅ EIT EKSPERTUTVAL OM EFFEKTIV OG
BEREKRAFTIG AREALBRUK I HAVBRUKSNÆRINGA - FRÅSEGN**

Fylkesutvalet 23.06.11

Mette Holmefjord Olsen sette fram slikt forslag:

”Endringar:

2. Fylkesutvalet ser at næringa i Hordaland dei siste åra har møtt ei rad omstillingar, og forslag som endrar produksjonsvilkåra, kan slå uheldig ut for mindre og lokale aktørar. Slike endringsforslag må difor sjåast i samanheng med ein heilskapleg plan for havbruksnæringa, som vurderer den samla verknaden av dei ulike tiltaka.
5. Fylkesutvalet ser at komplekst regelverk kan hindra rask og smidig forvaltning og vil oppmoda departementet om å gjera akvakulturregelverket tydelegare og meir strømliniforma.
7. Fylkesutvalet meiner kommunar og fylkeskommunar snarast må få betre incitament for å leggja til rette for havbruk i arealplanar. Fylkesutvalet ber Regjeringa om å gjere regelverkendringar snarast råd er.”

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 2 vart vedteke med 12 røyster mot 3 røyster (SV, SP, V) for Holmefjord Olsen sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 3 og 4 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 5 vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (SV, A, SP, V) for Holmefjord Olsen sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 6 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 7 vart vedteke med 8 røyster mot 7 røyster (SV, A, SP, V) for Holmefjord Olsen sitt forslag.

Fylkesrådmannen sitt forslag til punkt 8 vart samrøystes vedteke.

VEDTAK

1. Fylkesutvalet støt i hovudsak forslaga i rapporten om vidareutvikling av ei berekraftig havbruksnæring for heile fylket. Rapporten tek opp dei viktigaste utfordringane og foreslår fleire relevante tiltak.
2. Fylkesutvalet ser at næringa i Hordaland dei siste åra har initiert eller vorte råka av ei rad omstillingar. Det er difor viktig at nye tiltak vert integrerte med eksisterande, og at det vert gjeve tid til omstilling. Fylkesutvalet peikar på at forslag om endra produksjonsvilkår og avgrensing av berekraftig vekst kan slå særleg uheldig ut for mindre og lokale aktørar. Fylkesutvalet vil difor tilrå at endringsforslaga vert sett i samanheng, og at det vert utvikla ein heilskapleg plan for havbruksnæringa som ikkje endrar rammetilhøva før effektane er tydeleg klarlagt.
3. Hordaland fylkeskommune, som forvaltar av laksetildelingsforskrifta, må vere delaktig i prosessane for oppretting av produksjonsområda og utsettsoner som skal føre fram til høyring av framlegg til nye forskrifter.
4. Fylkesutvalet ber om at det vert vurdert om allereie etablerte brakkleggingssoner i Mattilsynet sine sonedeforskrifter kan reviderast og vidareutviklast til å ivareta fleire av dei formåla som produksjonsområda er tiltenkt i høve til tap i produksjonen, lusenedkjemping, rømt fisk og smitteførebyggjande arbeid.
5. Fylkesutvalet ser at unødig komplekst regelverk kan vere til hinder for rask og smidig forvaltning. Fylkesutvalet vil oppmode departementet om å gjere akvakulturregelverket meir tydeleg og strømlinjeforma.
6. Fylkesutvalet støt framlegget om å greie ut berekraftindikatorar og handlingsreglar for tap i produksjonen, lakselus og rømt fisk. I dette arbeidet er det sentralt at ein er open for alle årsaker til tap, og at næringa vert trekt inn som kunnskapsjelde.
7. Fylkesutvalet meiner at ein vidare berekraftig vekst i havbruksnæringa er avhengig av at kommunane og fylkeskommunane snarast får betre incitament for å leggje til rette for havbruk i arealplanar. Fylkesutvalet ber Regjeringa om å gjere regelverksendringar snarast råd er.
8. Fylkesutvalet støt forslaga om utvikling av betre data- og avgjerdsgrunnlag for forvaltning og drift for næringa.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 24. juni 2011

FYLKESRÅDMANNEN I HORDALAND
Urdna Benteisen



Regionalavdelinga

Klima- og naturressursseksjonen

Arkivsak 201101819-3
Arkivnr. 313
Saksh. Korsøen, Endre
Inge Døskeland
Kjetil Christensen

Saksgang

Fylkesutvalet

Møtedato

23.06.2011

HØYRING - RAPPORT FRÅ EIT EKSPERTUTVAL OM EFFEKTIV OG BEREKRAFTIG AREALBRUK I HAVBRUKSNÆRINGA - FRÅSEGN

SAMANDRAG

Fiskeri- og kystdepartementet har sendt på høyring rapporten "Effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa – areal til begjær". Mandatet til utvalet som har utarbeida rapporten var mellom anna å kome med framlegg til korleis næringa kan sikrast nok areal, og korleis ein kan utnytte desse effektivt og med minst muleg miljøpåverknad. Etter utvalet si vurdering står næringa no overfor tre hovudutfordringar på sjukdoms- og miljøside som alle har ein samanheng med arealbruk og produksjonsomfang. Ei berekraftig utvikling i næringa er heilt avhengig av at desse utfordringane vert løyst. Dei tre hovudutfordringane er lakselus, rømming og tap i produksjonen. Ein ny, overordna arealstruktur må sjåast i samanheng med løysing av desse utfordringane. Det er samstundes viktig å understreke at tiltak på arealsida vil kunne bidra, men ikkje aleine løyse dei. I denne saka til fylkesutvalet har ein gjort vurderingar og gjeve kommentarar i høve til dei tiltaka som vert vurdert å få størst verknad for rammevilkåra for å drive med havbruk i Hordaland; betre kunnskapsgrunnlag, inndeling av kysten i produksjonsområde med tilhøyrande utsettsone, innføring av handlingsreglar og berekraftindikatorar og betre arealplanar for berekraftig akvakultur.

Høyringsfristen er sett til 10. august 2011.


FORSLAG TIL VEDTAK

- 1 Fylkesutvalet støtter i hovudsak forslaga i rapporten om vidareutvikling av ei berekraftig havbruksnæring for heile fylket. Rapporten tek opp dei viktigaste utfordringane og foreslår fleire relevante tiltak.
- 2 Fylkesutvalet ser at næringa i Hordaland dei siste åra har initiert eller vorte råka av ei rad omstillingar. Det er difor viktig at nye tiltak vert integrert med eksisterande, og at det vert gjeve tid for omstilling. Fylkesutvalet peikar på at forslag om endra produksjonsvilkår og avgrensing av berekraftig vekst kan slå særleg uheldig ut for mindre og lokale aktørar. Fylkesutvalet vil difor tilrå at endringsforslaga vert sett i samanheng, og at det vert utvikla ein heilskapleg plan for havbruksnæringa som ikkje endrar rammetilhøva før effektane er tydeleg klarlagt.
- 3 Hordaland fylkeskommune, som forvaltar av laksetildelingsforskrifta, må vera delaktig i prosessane for oppretting av produksjonsområda og utsettsone som skal føre fram til høyring av framlegg til nye forskrifter.
- 4 Fylkesutvalet ber om at det vert vurdert om allereie etablerte brakkleggingssone i Mattilsynet sine soneforskrifter kan reviderast og vidareutviklast til å ivareta fleire av dei formål som produksjonsområda er tiltenkt i høve til tap i produksjonen, lusenedkjemping, rømt fisk og smitteforebyggjande arbeid.

- 5 Fylkesutvalet ser at unødig komplekst regelverk kan vere til hinder for rask og smidig forvaltning. Fylkesutvalet vil oppmode departementet om å gjere akvakulturregelverket meir tydeleg og strømlinjeforma.
- 6 Fylkesutvalet stør framlegget om å utrede berekraftindikatorar og handlingsreglar for tap i produksjonen, lakselus og rømt fisk. I dette arbeidet er det sentralt at ein er open for alle årsaker til tap, og at næringa vert trekt inn som kunnskapskjelde.
- 7 Fylkesutvalet meiner at ei vidare berekraftig vekst i havbruksnæringa er avhengig av at kommunane og fylkeskommunane snarast får betre incitament for å leggje tilrette for havbruk i arealplanar. Fylkesutvalet ber Regjeringa om å gjere regelverkendringar snarast råd er.
- 8 Fylkesutvalet støtter forslaga om utvikling av betre data- og avgjerdsgrunnlag for forvaltning og drift for næringa.



Paul M. Nilsen



Jan Per Styve

Vedlegg:

- Høyringsbrev
- Uprenta vedlegg : Rapport ” Effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa”. Rapporten er tilgjengeleg i elektronisk format på www.regjeringen.no/fkd - under saker på høyring.

FYLKESRÅDMANNEN, 01.06.2011:

1. Bakgrunn

Fiskeri- og kystdepartementet sende den 10.02.2011 på høyring rapporten ” Effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa – areal til begjær”. Departementet gjer merksam på at dei ikkje har teke stilling til rapporten eller framlegga frå utvalet, og at departementet arbeider med å følgje opp regjeringa sin strategi for ei miljømessig berekraftig havbruksnæring.

Akvakulturnæringa har dei siste 40 år gjennomgått ei utroleg utvikling. Med ein vekst i produksjon frå 531 tonn i 1971 til ca. 1 million tonn i 2010 har akvakulturnæringa etablert seg som ein av våre viktigaste kystnæringar. For å kome dit har det undervegs blitt utvist ei imponerende evne til å løyse ei lang rad med utfordringar knytt til mellom anna teknologi, drift, sjukdom, avl, fôr, marknad. Det er lagt eit grunnlag for at akvakulturnæringa kan bli ein av den norske økonomien sine aller viktigaste eksportnæringar når oljeepoken er over.

Ekspertutvalet for effektiv og berekraftig arealbruk i havbruksnæringa har hatt som mandat å kome med framlegg til ein ny overordna arealstruktur. Ein struktur som kan bidra til at akvakulturnæringa nyttar areal på ein berekraftig og effektiv måte, med minst muleg miljøpåverknad og smitterisiko. Framtida sin arealstruktur skal også bidra til ein balansert sameksistens med andre interesser i kystsona.

Tilgjengeleg produktivt areal i kystsona er eit av Noreg sine viktigaste konkurransefortrinn som oppdrettsnasjon. Arealet var lenge vurdert som ein overskottsressurs utan eit uttrykt behov for ein overordna styring av bruken. Med veksten i næringa er dette nå eit tilbakeleg stadium. Tilgangen på gode oppdrettslokalitetar er ein knappheitsfaktor for ei berekraftig utvikling av næringa. Samtidig er det store regionale skilnader med omsyn til arealutnytting og produksjonsintensitet. Det største potensialet for vekst vil liggje i nord. I sør, der intensiteten er størst, finn ein dei største miljøutfordringane. Her vil på kort og mellomlang sikt potensialet for økonomisk vekst i første rekke vere knytt til reduserte tap i produksjonen og ei meir effektiv arealutnytting. På bakgrunn av venta utvikling har utvalet lagt til grunn at utfordringane med omsyn til bruk av areal dei neste ti åra i all hovudsak vil vere knytt til oppdrett av laks og regnbogeaure.

I del 1 av rapporten vert det gjeve ei oversikt over naturgitte rammevilkår, status og 40 års utvikling av akvakulturnæringa i Noreg. Nokre utviklingstrekk i andre lakseproduserande land er forklart saman med trulege utviklingstrekk i den norske næringa. I eit tiårsperspektiv vil oppdrett av andre artar enn laks og regnbogeaure neppe utgjere store arealmessige utfordringar. I relasjon til mandatet meiner utvalet at oppfatninga av omgrepet areal må utvidast frå den tradisjonelle todimensjonale knytt til arealet i overflaten. Mellom anna må verknader på det ytre miljø og innbyrdes påverknad og smitte mellom anlegg inkludert i arealomgrepet.

I Del 2 vert ulike problemstillingar knytt til akvakulturnæringa sin bruk av sjøareal diskutert, og moment som er relevante ved utforminga av ein framtidig arealstruktur vert gjort sannsynleg. Tema som vert drøfta er fiskehelse og -velferd, dei store tap i produksjonen i einskilde regionar, miljøpåverknad frå akvakultur og avveging av konflikter mot andre brukarinteresser i kystsona. I eit eige kapittel vert plan- og søknadsprosessar knytt til etablering og flytting av akvakulturanlegg gjennomgått.

Del 3 inneheld utvalet sine tilrådingar. Etter utvalet si vurdering står næringa no overfor tre hovudutfordringar på sjukdoms- og miljøsida som alle har ein samanheng med arealbruk og produksjonsomfang. Ei berekraftig utvikling i næringa er heilt avhengig av at desse utfordringane vert løyst. Dei tre hovudutfordringane er lakselus, rømming og tap i produksjonen. Ein ny, overordna arealstruktur må sjåast i samanheng med løysinga av desse utfordringane. Det er samtidig viktig å understreke at tiltak på arealsida vil kunne bidra, men ikkje aleine løyse dei.

Til grunn for utvalet sine framlegg ligg tre berande element som alle representerer ei utfordring:

- Kysten vert delt inn i åtskilte produksjonsområde med tilhøyrande utsettsoner.
- Avbøtande tiltak i eit produksjonsområde vert styrt gjennom indikatorar og handlingsregler.

- Næringa i det enkelte produksjonsområde vert gjeve eit sterkare direkte samfunnsansvar for å løyse fellesutfordringar.

Framlegga byggjer på og legg opp til å vidareføre ei utvikling som allereie har gått føre seg i næringa ei tid. Viktige delar av denne utviklinga er færre anlegg enn for få år sidan, dei ligg gjerne lenger ut på kysten, og dei er større og produserer meir. Eit trekk ved utviklinga er flytting frå mindre egna til betre lokalitetar, og ein større grad av samarbeid enn tidligare gjennom koordinert drift og brakklegging.

Dei strukturelle endringane i næringa med større og færre verksemdar og slakteri har medført at næringa si lokale forankring er svekka i mange kommunar. Når dei positive ringverknadene av oppdrett blir ujamt fordelt, er det nærliggjande å tru at interessa i mange kommunar for å leggje til rette for oppdrett blir tilsvarande redusert. Dette er ein fjerde hovudutfordring som i første rekke næringa sjølv må løyse. Utvalet foreslår at det blir evaluert om den nyleg innførte adgangen for kommunane til å krevje eigedomsskatt frå akvakulturanlegg fungerer som tiltenkt. Ei slik evaluering bør gjennomførast etter at ordninga med eigedomsskatt har fått verke ei tid.

Ei femte utfordring, som har samanheng med den føregåande, er behovet for plankompetanse, rullering av kystsonoplanar og utvikling av eit breiare regionalt og interkommunalt samarbeid om slike planar. Administrative grenser er sjeldan tilpassa dei økologiske tilhøva i sjøen. Utvalet kjem med fleire framlegg knytt til planprosessane.

I framlegga til tiltak i del 3, har utvalet peika på nokre som kanskje er meir banebrytande, og dermed vil kunne bli meir omstridde enn andre:

- Inndeling av kysten i åtskilte produksjonsområde for å redusere smittespreiing. Det einskilde løyve vert knytt til eit produksjonsområde.
- Inndeling av produksjonsområda i utsettssonar med samtidig brakklegging av alle anlegg i ein periode på minimum ein månad før utsett.
- Etablering av ein indikator for tap i produksjonen og ein tilhøyrande handlingsregel for justering av maksimalt tillaten biomasse (MTB) i det einskilde produksjonsområdet. Tilsvarande indikatorar og handlingsreglar for lus og rømming vert utreda.
- Tilgang til permanent flytting av løyve frå produksjonsområde med høge tap i produksjonen til område som har lave tap og ein tilfredsstillande miljøstatus særskild med tanke på lakselus og rømt fisk.
- Ingen tildeling av nye løyve eller auke av MTB for laksefisk før eit nytt system med produksjonsområde og utsettssonar er etablert.
- Friare tilgang til å drive matfiskoppdrett på land og i lukka anlegg i sjø.
- Tilråding til næringa om ein permanent organisering av fellestiltak i det einskilde produksjonsområde.

2. Vurdering av konsekvensar

Utvalet har levert ein omfattande rapport på 187 sider, der framlegga til tiltak utgjer 50 sider. Til saman er gjort framlegg om 25 tiltak som er grunnleggjande og skildra fagleg i detalj, samt at mange av tiltaka til dels grip inn i kvarande. Nokre av dei viktigaste tiltaka er skildra i bakgrunnen over. I denne saka til fylkesutvalet har ein gjort vurderingar og gjeve kommentarar i høve til dei tiltaka som vert vurdert å få størst verknad for rammevilkåra for å drive med havbruk.

Etablering av betre kunnskapsgrunnlag

Rapporten og fleire av tiltaksforslaga peikar på manglar i kunnskapsgrunnlaget og trong for vidare forskning. Hordaland fylkeskommune støtter initiativ som kan bidra til å gje betre grunnlag for avgjersler i forvaltning og oppdrettsnæringa. Vi vil her ikkje gå i detalj på kvart einskild av tiltaka, men underbygge og foreslå styrking av utvalde tema.

I rapporten er ønskje om utvikling av kunnskapsgrunnlaget i liten grad strukturert eller presentert som tiltak med ulik prioritet. Det kan derfor vere ønskeleg å sortere tiltaka for å få lettare oversikt over kva

kunnskapsmanglar som er kritiske for gjennomføring av utvalet sine hovudmål. Muleg ny struktur kan vere å klassifisere forskingsbehova etter om dei er meint å dekke næringa sine behov for meir effektiv produksjon, eller om det er tiltak som går ut på å kartlegge effektar av næringa på omliggande samfunn og miljø. Ein kan vidare ønskje ei klassifisering som skil mellom visjonar for kunnskapsutvikling og meir konkrete prosjekt. I rapporten ver det til dømes ikkje skilt mellom trong for forskning på generell bærekraft og konkrete namngjevne prosjekt med arbeidspakkar og tema i ein bestemt fjord.

Inndeling av kysten i åtskilte produksjonsområde med tilhøyrande utsettsoner for å redusere smittespreiing

Utvalet skisserer ei organisering av lokalitetar og drift etter mange av dei same prinsippa som allereie er gjennomført i delar av Hordaland ved innføring av soneforskrift for Sunnhordland.

Brakkleggingsområda i denne forskrifta er tilnærma like utsettsone i utvalet sin rapport. I soneforskrifta er Sunnhordland delt inn i 7 utsettsoner. Mattilsynet vil før sommaren 2011 sende på høyring framlegg om tilsvarande forskrift for resten av Hordaland og venteleg vil det i dette område bli etablert 5-7 brakkleggingsområde. Hordaland vil mest sannsynleg vera delt inn 12-14 utsettsoner eller brakkleggingsområde innan utgangen av 2011.

Denne omlegginga av drifta er krevjande for næringa, og det er kjent at næringa er uroa for at ein iverksett enda ei geografisk områdeinndeling før ein har sett effektane av dagens frivillige organisering og soneforskrifter. Til dømes vil framlegget til Hardangerfjordforskrift og Soneforskrift for Nordhordland endre føresetnadane for dei einsklide verksemdene si drift i heile fylke.

Det vert soleis lansert fleire forskrifter som ledd i å omstille produksjonen utan at det grundig nok vert vurdert korleis desse vil verke samla. Konsekvensane er svært utfordrande for næringa. Etablering av produksjonsområde og utsettingsområde i Hordaland må derfor sjåast i samanheng med Hardangerfjordforskrift og Soneforskrifter.

Hordaland har 2 store naturleg eksisterande områder utan oppdrett, fylkesgrensa til Sogn og Fjordane (Fensfjorden) og fylkesgrensa til Rogaland (Sletta) på hhv. 11 og 12 kilometer. Tilsvarande branngater finn ein ikkje andre stader i fylke. Ei eventuell inndeling av produksjonsområde med branngater i Hordaland vil medføre flytting av eksisterande anlegg og vere svært utfordrande.

I dei vidare utgreiingane om produksjonsområde bør det vurderast om allereie etablerte brakkleggingssoner i Mattilsynet sine soneforskrifter kan reviderast og vidareutviklast til å ivareta mange av dei formål som produksjonsområde er tiltenkt i høve til tap i produksjonen, lusenedkjemping, rømt fisk og smitteførebyggjande arbeid.

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at det vert starta arbeid med hovudtiltaka i rapporten, men med bakgrunn i fleire pågåande forskriftsprosessar og tilhøyrande usikkerheit omkring areal, lokalitetsstruktur, soneetablering og resultat av igangsette tiltak må ein ikkje gå for fort fram i desse prosessane.

Utvalet gjer framlegg om at kvart produksjonsområde bør vera sjølvforsynt med settefisk og slaktekapasitet, men vi forstår det slik at det i fyrste omgang ikkje er gjort framlegg om forbod mot å frakte settefisk og slaktefisk inn og ut av området. For slakteri som ligg i eit anna produksjonsområde enn der matfisken dei slaktar vert henta frå vil dette kunne få store konsekvensar. Det same gjeld settefiskanlegg som leverer til anlegg som ligg i anna produksjonsområde. I Hordaland vert det til dømes produsert meir settefisk enn det matfiskanlegga har trong for.

Det einskilde akvakulturløyve vert knyt til eit produksjonsområde

Gjeldande produksjonsregulering av næringa skjer på to nivå, lokalitets- og selskapsbiomasse. Framlegget om å knyte kvart einskild akvakulturløyve til berre eit produksjonsområde medfører innføring av eit tredje nivå. Noverande system medfører ein fleksibilitet til å nytte akvakulturløyve innanfor den samla selskapsbiomassen. Framlegget er ei stor omlegging for næringa som umiddelbart ser ut til å måtte redusere dagens fleksibilitet i produksjonen monaleg.

I samband med høyring av Hardangerfjordforskrifta i mars 2011 vart det gjort framlegg om å innføre produksjonsregulering på akvakulturløyvenivå. Det skapte sterke reaksjonar frå næringa då konsekvensane av denne omlegginga ikkje var utgreidd i tilstrekkeleg grad, samt at næringa ikkje var førebudd på dette sidan gjeldande frys-regime frå 2008 tok utgangspunkt i summen av tildelt lokalitetsbiomasse i området. Det er viktig at dette tema vert utgreia i detalj før det eventuelt vert fremma i ei høyring.

Som eit resultat av gjeldande produksjonsreguleringsregime har mange av akvakulturløyva i Hordaland lokalitetar spreidd på lokalitetar i heile fylket. Ei slik endring vil medføre omfattande endringar og arbeid for både næringa og forvaltninga.

Prosess for oppretting av produksjonsområde og utsettingssoner

Prosessene er greitt skildra, men det er ikkje tilstrekkeleg at kommunar og fylkeskommunar berre er høyringsinstansar med grunngjeving at dette er faglege vurderingar som skal danne grunnlag for nye forskrifter. Fylkeskommunen må få høve til å vera delaktig i desse prosessane. Særleg med bakgrunn i at fylkeskommunen er forvaltar av laksetildelingsforskrifta, vassregionmynde, og som regional utviklingsaktør og planmynde. Vidare må også fylkeskommunen ha ei rolle når det gjeld mynde til å fastsette regionale forskrifter for inndeling av dei einskilde produksjonsområda i utsettingssoner, og ikkje berre på regionalt nivå i Mattilsynet og Fiskeridirektoratet slik det vert gjort framlegg om.

Innføring av handlingsregel og bærekraftindikatorar

Bakgrunnen for framlegget om innføring av handlingsregel og bærekraftindikatorar er mellom anna:

- Store tap representerer ei lite effektiv utnytting av kystsona
- Tilpassing av biomassen til området si bereevne og motverke risiko for at tap skal akselerere og kome ut av kontroll.
- Stimulere til flytting til område med lave tap og betre lokalitetsstruktur
- Skape rom for betring av lokalitetsstrukturen for attverande aktørar i område det vert flytta frå.
- Realisere økonomisk gevinst i form av redusert tap
- Ivareta omsynet til fiskevelferd
- Redusere smittefaren til ville stammar
- Stimulere næringa til auka kollektivt ansvar for fiskehelse og fiskevelferd.

Utvalet gjer framlegg om innføring av handlingsreglar for:

- regional justering av maksimal tillaten biomasse
- å gje løyve til miljøgrunna flytting til anna produksjonsområde
- lakselus
- for å sikre villaks mot genetisk påverknad frå rømt laks.

Det vert vist til at det er gode erfaringar med å innføre handlingsregel som viktig verktøy for god samfunnstyring på andre område i samfunnet. Det er ein god tanke at næringa skal få konkrete måltal å styre etter for dei definerte hovudutfordringane, tap i produksjonen, lakselus og rømt fisk. Utvalet vil innføre berekraftindikatorar i form av ei øvre grense for kva styresmaktene kan akseptere av rømming, lakselus og tap i produksjonen. Dersom grensene vert overskredde vil på førehand bestemte tiltak bli sett i verk for å kome tilbake under akseptabelverdi. I eit slikt system vil næringa vera kjent med kva som vert forventa, og samstundes kva konsekvensar som vil følgje av brot på grenseverdiene.

Fastsetting av grenseverdiar vil utvilsamt verte sær utfordrande. Til dømes kor stort tap i produksjonen skal ein akseptere, samt nivået på grenseverdiar for lakselus og rømt fisk. Utvalet er inne på at for lakselus og rømt fisk er kunnskapsnivået i dag ikkje tilstrekkeleg for fastsetting av eksakte verdiar. Uansett vil det til sist bli eit politisk spørsmål å fastsette desse, og her kan fort næringa sine interesser stå mot miljøørsla sine interesser.

Truleg vil ein måtte akseptere ulike grenseverdiar i ulike fjordområde eller delar av landet. Det kan soleis fort bli tale om å fastsette sær mange ulike grenseverdiar. Noko som i seg sjølv kan bli sær utfordrande.

Hordaland fylkeskommune stør framlegget om å utrede berekraftindikatorar og handlingsreglar i høve hovudutfordringane tap i produksjonen, lakselus og rømt fisk som eit grunnlag for vurdering om dette lar seg etablere i praksis. Det er openbart at det vil vera sær utfordrande, å fastsette over 100 grenseverdiar, slik det er gjort framlegg om.

Det kan og stillast spørsmål i høve til at framlegga legg opp til ei høgare grad av offentleg styring og på mange måtar ei detaljregulering av næringa. Dette vil bety store utfordringar for næringa, men og for alle fagstyresmaktene som skal forvalte og føre tilsyn med eit høgt tal med detaljerte reglar. Inn i det vidare arbeidet med framlegga til arealutvalet bør ein og sjå på omfang og relevansen av det samla regelverket innafor alle sektorstyresmaktene sine ansvarsområde. Hordaland fylkeskommune vil oppmode departementet om å sette i gang eit arbeid med å gjere akvakulturregelverket enklare.

Utvalet gjer framlegg om at ein eventuell reduksjon av produksjonskapasitet i eit produksjonsområde skal gjelde alle aktørane. Til dømes dersom nokre aktørar har så store tap at den samla grenseverdien vert overskredde må også den oppdretaren som driv utan tap redusere sin produksjon. Dette er ei ordning vi trur vil ha store utfordringar, og vi viser i den samanheng til fleire høyringsinnspel i samband med andregangs høyring av forskrift for Hardangerfjorden, der næringa særskild vart oppfordra til kome med eit framlegg til metode for å ta ned produksjonen på som aktørane samla kunne vera samde om.

Ingen tildeling av nye løyve eller auke av MTB for laksefisk før eit nytt system med produksjonsområde og utsettsoner er etablert

Havbruksnæringa er ei viktig næring for Noreg, og regjeringa har uttalt at dei vil leggje til rette for vekst i havbruksnæringa, så lenge veksten er innanfor berekraftige rammer. Auke i produksjonskapasitet gjennom tildeling av nye løyve eller auka MTB er gjenstand for årlege politiske og faglege vurderingar. Berekraftsutfordringane er her eit sentralt element. Eit pågåande arbeid med endring av produksjonsreguleringane vil truleg framskaffe ytterlegare kunnskapsgrunnlag til dette arbeidet. Det kan vere uheldig å utsette vurderingane om tildeling av ny produksjonskapasitet i påvente av eit arbeid som ikkje er påbyrja og som ein ikkje veit kor tid eller om vert operasjonalisert og sett i verk.

Evaluering av eigedomskattordninga etter at produksjonsområda er etablert

Utvalet gjer framlegg om å evaluere verknadene av eigedomskatt på oppdrettsanlegg etter at produksjonsområda er etablert. Dette vil truleg i praksis seie mange år fram i tid.

Større og færre verksemdar og slakteri har medført at næringa si lokale forankring er svekka i mange kommunar. Fleire kommunar har signalisert at dei heller vil bruke sjøarealet til andre formål enn

havbruk, og det er gjort granskingar som syner at kommunane vil leggje betre til rette for havbruk dersom dei kunne få meir att i form av økonomiske midlar. Ei vidare berekraftig vekst i havbruksnæringa kan mange stader bli vanskeleg utan at kommunane får betre incitament for å tilrettelege for dette.

I Hordaland er fleire kommunar med i Nettverket for fjord og kystkommunar som mellom anna har som formål å sikre lokal forvaltning av sjøområda gjennom ulike former for lokal skatt og avgift som vil gje vertskommunen ein rimeleg del av verdiskapinga og/eller kompensasjon for ulempene som bruk av kommunane sitt sjøområde medfører.

Dagens mulegheit til å krevje eigedomsskatt på oppdrettsanlegg gjev svært marginale inntekter for kommunane i høve til innteninga i verksemdene.

Hordaland fylkeskommune meiner ei vidare berekraftig vekst i havbruksnæringa er avhengig av at kommunane får betre incitament for å tilrettelegging for havbruk i arealplanar, og at det vert gjort regelverksendringar i høve til dette snarast råd.

Pilotplanar for berekraftig akvakultur i utvalde område

Utvalet foreslår i sin rapport at det vert oppretta pilotprosjekt for regional/interregional planlegging i utvalde område. Utvalet grunngjev dette forslaget med at heilskapleg kystsoneforvaltning er ein føresetnad for å utvikle ei berekraftig akvakulturnæring. Det er og fokusert på det store revisjonsbehovet som gjer seg gjeldande og innføring av ny plan- og bygningslov, samt dei utfordringar som næringa står ovanfor. Slike pilotprosjekt vil og kunne sikre kompetanseoverføring til kommunane og ivaretaking av bærekraftprinsippet.

Det er eit mål at desse pilotprosjekta skal vere varierte slik at dei omfattar ulike problemstillingar og metodar. Pilotprosjekta skal omfatte både regionale planar og interkommunale planar og dei må innehalde område med vekstpotensiale og område med omstrukturingsbehov. Vidare er det eit mål at desse prosjekta skal representere område med lokal motstand og område med lokalt engasjement. Pilotprosjekta skal avsluttast med rapporter som omtaler ulike suppleringsbehov, tilrådingar om prosessar, metode og verkemiddel. Pilotprosjekta skal stimulerast økonomisk.

Hordaland fylkeskommune vurderer dette tiltaket som eit fornuftig tiltak. Tiltaket vil på ein effektiv måte føre til innhenting av erfaring og kompetanseoverføring til kommunar, regionale organ og statlege myndigheiter.

Rettleiar for planlegging av akvakultur

Eit av utvalet sine tiltaksforslag er at det skal utarbeidast ein rettleiar for planlegging av akvakultur. Bakgrunnen for dette tiltaket er behovet for å auke kompetansen på dette feltet og utvalet vurderar at ein rettleiar kan, på ein kostnadseffektiv måte, overføre kompetanse til kommunane. Rettleiaren bør innehalde råd om regional og interkommunal planlegging, kommunal planlegging, reguleringsplanlegging, konsekvensutgreiingar, samt bygg og anlegg.

Hordaland fylkeskommune vurderer dette som eit godt og føremålstenleg tiltak og at dette vil føre til kompetanseoverføring til kommunar med små ressursar og liten planleggingskapasitet. Vi stiller imidlertid spørsmål om ein slik rettleiar bør femne om fleire tema en bare akvakultur. Dette med bakgrunn i at akvakultur er ein av fleire interesser som gjer seg gjeldande i kystsona og ein rettleiar bør såleis omfatte alle relevante interesser som kan ha verknad for planlegging av akvakulturanlegg. Etter vår vurdering, basert på målet om berekraftig og heilskapleg havbruksforvaltning, bør det utarbeidast ein rettleiar i kystsonoplanlegging etter ny plan- og bygningslov der akvakultur er eit av deltemaene i ein slik rettleiar. Ein rettleiar i kystsonoplanlegging vil og kunne fange opp resultatane frå dei ulike pilotprosjekta som det er eit mål å sette i verk (sjå punktet ovanfor).

Konklusjon

Arealutvalet har levert ein grundig og god rapport med gjennomgang av korleis tilgjengeleg areal kan utnyttast på ein på ein mest muleg effektiv måte og med minst muleg miljøpåverknad. Rapporten tek opp dei viktigaste utfordringane for næringa, tap i produksjonen, lakselus og rømming, og utvalet kjem med relevante tiltak. I denne saka til fylkesutvalet har ein gjort vurderingar og gjeve kommentarar i høve til dei tiltaka som vert vurdert å få størst verknad for havbruksnæringa i Hordaland; betre kunnskapsgrunnlag, inndeling av kysten i produksjonsområde med tilhøyrande utsettsoner, innføring av handlingsreglar og berekraftindikatorar og betre arealplanar for berekraftig akvakultur.

